HARDANGERVIDDA NASJONALPARK

Oppretta 1981 • Areal 3 422 km²



Formgiving og digital kartografi: Cartographica/Østerland. Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk. Tillating nr. 469/91.

Praktiske opplysningar

På Hardangervidda ligg den største nasjonalparken i Noreg. I nasjonalparken er plante- og dyrelivet freda. Ved ansvarleg bruk av området kan også du vere med og ta vare på Vidda!

Du kan

- Ferdast fritt og telte
- Jakte og fiske i område med kortsal

Det er ikkje tillate å

- Skade planter og uroe dyr unødig
- Ferdast med motorkøyretøy utan særskilt løyve
- Bryte laus stein, mineral eller fossil
- Sleppe laus hund (unnateke m.a. under jakt)

Tilkomst og overnatting

- Jernbane og fleire bilvegar
- Fleire betjente og ubetjente turisthytter og private hytter

Kart

- 14 kart i serien «Noreg 1 : 50 000»
- Turkart «Hardangervidda» (1 : 200 000)

Informasjon

Hardangervidda Natursenter, tlf. 53 66 59 00
www.hardangervidda.org/hne.htm
Hardangervidda Nasjonalparksenter, tlf. 35 09 57 00
www.hardangervidda-senter.no

Framside: Planteliv og Hårteigen. Foto: Jan Rabben
Bakside: Regnboge over Vidda. Foto: Johan Brun

Nasjonalparkane i Noreg – ein del av nasjonalarven vår

Den norske naturen er storslått og variert. Enno finst område der naturen sine eigne lover styrer utviklinga av plante- og dyrelivet. Mange av desse områda står i fare for å miste særeigne natur-kvalitetar, om vi ikkje gjev dei tilstrekkeleg vern.

Det er viktig at eit utval av alle naturtypar vert sikra for ettertida. I 1962 byrja Noreg med å skipe nasjonalparkar. Målet er å etablere repre-sentative nasjonalparkar og andre verneområde frå hav til fjell.

I nasjonalparkane våre ønskjer vi å ta vare på variasjonsrikdomen i den norske naturarven, både for naturen si og vår eiga skuld. Komande genera-sjonar har krav på å få oppleve urørt natur, og forskarane må også i framtida kunne studere sam-spelet i slik natur. Fleire av nasjonalparkane har stor tilstrøyming frå inn- og utland, og nokre av parkane er viktige for reiselivsnæringa.


Nasjonalparkane inneheld nokre av våre mest verdfulle naturskattar – lat oss saman ta vare på dei!

Tekst: R. Berach. Tegn.: D.T. Lid og R. Roalkvam. Formgiving: J.A. Seter. ISBN 82-7072-061-5. TE-521.

Norsk utg. 1. utg. 2. oppl. (2 000 eks.). Profil Silk. 150 g (prod. utan klor). Utgjeve av Direktoratet for naturforvaltning i 2003. Zoom Grafisk.

HARDANGERVIDDA

NASJONALPARK



NORD-EUROPAS STØRSTE HØGFJELLSPLATÅ

Hardangervidda – tilhaldsstad for dei største villreinflokkane i Europa
– den sørlegaste utposten for fjellrev, snøugle og mange andre artar av arktisk fauna og flora
– fjellvidda med dei tusen sjøar – eit eldorado for fjellvandrarar med telt og fiskestong.



Haust ved Krækkja. Foto: Terje Skogland



Frå havbotn til fjellvidde...

Hardangervidda er eit typisk høgfjellsplatå med lange flyer og bølgjande fjellparti. Berre i vest er fjella meir dramatiske.

Det harde grunnfjellet i dei søraustre delane av nasjonalparken er restar av eit over 1000 mill. år gammalt fjellandskap. Fjella forvitra og havet inntok slettene. Dei kalkrike bergartane i nordvestre delar av området er opprinneleg avsette på havbotnen. Millionar av år seinare vart dei dekte av ei stor samanhengande fjellplate. Havbotnen og fjellplata vart pressa og folda, og eit nytt fjellandskap steig opp av havet. Hardangerjøkulen og Hårteigen er restar av denne fjellkjeda, som spesielt under istidene igjen vart slipt ned til grunnfjellsunderlaget.

Som følgje av berggrunn og klima vekslar vegetasjonen frå dei vestlege til dei austlege delane av vidda. Den vestre delen har meir nedbør og jamnare temperatur, slik at planteproduksjonen vert stor. Austvidda er langt mindre frodig. I snøfattige strok med mager berggrunn er vindblåste heiar ein vanleg naturtype.



Sørfjordingsrindane og Hårteigen. Foto: Johan Brun



Dei største villreinflokkane i Europa...

Hardangervidda vart isfri for om lag 9 000 år sidan. Lavdekket etablerte seg raskt på den nakne marka og gav næringsgrunnlag for reinen.

Frå vinterbeiteområda på austvidda trekkjer dei store villreinflokkane kvar vår vestover, der mykje nedbør og næringsrikt jordsmonn gjev gode sommarbeite med saftig gras for både rein og bufe. Tidleg i mai kjem dei drektige simlene fram til kalvingsområda på Vestvidda. Vert reinen uroa då, kan det få store følgjer. Bukkar og ungdyr trekkjer ned og beiter i bjørkeskogen. Utover sommaren er reinen på flukt frå mygg og brems, og fleire tusen dyr kan då vere samla på snøfennene i høgare lende. Etter brunsten om hausten trekkjer dyra austover til dei forblåste lavheiene.

Det er tilgangen på vinterbeite som set grenser for reinbestanden på Hardangervidda. Målet for villreinforvaltninga er å stabilisere vinterstamma slik at ho er tilpassa beiteressursane.



Villrein på Vidda i april. Foto: Terje Skogland




Mennesket og Vidda...

Truleg kom mennesket til Hardangervidda samstundes med reinen etter siste istid. Det er funne om lag 250 steinalderbuplassar – den eldste frå ca. 6 300 f.Kr. Folk skifta truleg bustad etter reinen sine vandringsruter. Dei mange leiegjerda og fallgravene vitnar om urgamle fangstmetodar. Vidda var delvis skogkledd på den tida, og det er funne bein av mellom anna elg.

Dei gamle ferdselsvegane (slepene) som kryssar vidda, har vore viktige bindeledd mellom Austlandet og Vestlandet. Vel kjent er den store Nordmannsslepa som går frå Veggli i Numedal til Eidfjord, med forgreiningar til Hol og Uvdal. Jakt- og fiskebuer, felæger og stølar ligg på vidda som minne om ei tid med harde levekår.

Også i våre dagar er naturressursane på vidda av stor verdi for bygdene omkring. Store saueflokkar vert kvart år sleppte på beite, og området er kjent for mange fiskerike vatn og vassdrag med fin fjellaure. Fiske og jakt er kjelde til avkopling og matauk for mange.



Kløvhest på Hardangervidda. Foto: Helge Sunde